LINDÅS KOMMUNE
Geodata

Kari Tollefsen Strømme
Flaktveitvegen 478
5134 FLAKTVEIT

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Sverre Solberg | 19.12.2014 |
| Vår: 14/5695 - 14/28349 | SSO@lindas.kommune.no | |

# Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 12/54, "Støltun" av Veland, 5993 Ostereidet.

Lindås kommune har oppdateringsansvar for Matrikkelen i kommunen.
Matrikkelen er Noreg`s offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser.

Dette er ein kontinuerleg prosess som Geodata utfører dagleg ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, utskiftningskart, data frå jordskifte, Vegvesen og eldre skylddelingar.
Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teigar eller grenselinjer.

Kommunen jobbar heile tida med å få til eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytta til utbyggjingsføremål og andre ting.

I samband med oppmålingsforretning for arealoverføring frå gbnr 13/3 til gbnr 13/9, vart 3 eldre utskiftnings-merker kring ovanfornevnde eigedom også innmålt i marka.

På dei 2 kartvedlegga står det nede i tittelfeltet «FØR grenseendringar». Desse karta syner grenselinjene slik dei låg inne på kartet FØR me målte dei inn. Dei 2 andre kartvedlegge – «ETTER grenseendringar» syner eigedomen ETTER at me målte inn dei 3 grensemerka.

Som tilstøytande naboar – gbnr 12/12 og 13/3 – vert de varsla om desse endringane som er føretekne i Matrikkelen. Sjå spesielt kartvedlegga «ETTER grenseendringar» i vedlegga !

Dersom dette ikkje stemmer med dykkar opplysningar om grensetilhøvet, ber me dykk snarast senda tilbakemelding saman med kokumentasjon til:

Lindås kommune, Geodata, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ.
Tlf. 56 37 50 00. E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Med helsing

Sverre Solberg
avdelingsingeniør

4 stk. kartvedlegg.

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kari Tollefsen Strømme | Flaktveitvegen 478 | 5134 | FLAKTVEIT |
| Bjarne Tellefsen | Øvre Skarteigane 31 | 6050 | VALDERØYA |
| Leif Erik Follefsen | Kråvasslia 179 | 5134 | FLAKTVEIT |
| Knut Dagfinn Veland | Austrheimsvegen 1020 | 5943 | AUSTRHEIM |
| Ester Petre Skeie | Knappenveien 79 | 5151 | STRAUMSGREND |